

# Referat frå instituttrådsmøte

## Institutt for framandspråk

**Møtetid:** onsdag 15. mars 2023, kl. 12.15

**Stad:** Rom 217, HF-bygget

### Til stades:

Frå gruppe A: Kjetil Berg Henjum, Eirik Hovden, Ingunn Lunde, Shouhui Zhao, Kari Soriano Salkjelsvik, Martin Paulsen.

Frå gruppe B: Julia Christine Marinaccio

Frå gruppe C: Anne Hestnes

Frå gruppe D: Christine Marie Mowinckel Fagg og Ingrid Elisabeth Gjerding.

Arve Kjell Uthaug møtte som sekretær for instituttrådet.

### Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

### Sak 2 – godkjenning av referat frå møtet 25. januar 2023

Godkjent utan merknader.

### Sak 3 – orienteringssaker

- A. Instituttleiar orienterte om redesign av lektorprogrammet. Denne prosessen gjeld lektorprogrammet ved heile UiB. Ved IF har vi fire fag som er involverte i lektorprogrammet: engelsk, fransk, spansk og tysk. Det er no avgjort at ex.phil. framleis skal liggja i det første semesteret av lektorutdanninga. Berg Henjum orienterte om det vidare arbeidet ved fakultetet med å tilpassa lektorprogrammet til den vedtekne modellen (modell D).
- B. Det årlege dialogmøtet mellom instituttet og fakultetsleiinga er 28. mars. Samtalen vil ta opp spørsmål knytt til både forskning, utdanning, forskarutdanning og leiing/administrasjon. Instituttleiar orienterte om spørsmåla vi har fått frå fakultetet til dette møtet. Utdanningsdirektoratet har lyst ut ein ny periode med Nasjonale prøvar i engelsk, og fagmiljøet ved IF kjem til å søkja. Søknaden må tilpassast ei trongare kostnadsramme, og vi må redusera den samla stillingsprosenten i prosjektet samanlikna med tidlegare.
- C. IF har lyst ut to phd-stillingar (37 søkjarar) og ei postdoktorstilling (29 søkjarar). Utlysingane er knytte til forskargruppene ved instituttet. I tillegg er det lyst ut ei

postdoktorstilling spesifikt knytt til forskargruppa Litteratur og religion (29 søkjarar). Instituttet arbeider med å få på plass komiteane som skal vurdere søkjarane.

- D. Utsynsmeldinga blir lagt fram 24. mars. Dette er ei stortingsmelding om universitets- og høgskulesektoren i Norge, som m.a. vil presentere eit nytt finansieringssystem.

#### **Sak 4 – bemanningsplan for vitenskaplege stillingar ved fakultetet**

Fakultetsstyret skal vedta ny bemanningsplan tufta på nye kriterium i møtet 21. mars. Den nye planen skal basera seg på tre hovudkriterium: kvalitet (både studie- og forskingskvalitet), ressursbehov og økonomisk berekraft. Instituttleiari orienterte om status for saka. Vi har ikkje sett dei endelege sakspapira til fakultetsstyret enno.

Bemanningsplanen er laga innanfor ei ramme der vi må rekna med reduserte løyvingar i åra framover. Konsekvensane for fagmiljøa hjå oss dei neste tre åra ser ut til å bli stillingsreduksjonar ved avgangar på arabisk (50 prosent lektor), fransk (100 prosent førstestilling), russisk (50 prosent lektor) og spansk (100 prosent førstestilling).

Soriano reiste spørsmål ved talgrunnlaget, og korleis det ville vera mogleg å ha ressursar nok til å gje den undervisninga vi må ha. Paulsen viste til dilemmaet med at vidareutdanningsstillingane på spansk er finansierte av instituttet, medan resultatinntektene frå studiepoenga ligg på fakultetet – og vi får heller ikkje bruka desse stillingane fritt på alle delar av studietilbodet. Soriano meinte òg modellen som er valt for lektorutdanninga ved UiB, vil krevja meir undervisningsressursar.

Hovden var kritisk til prosessen med bemanningsplanen: Vi veit for lite om planen sjølv om vi no er tett oppunder sjølvve vedtaket om bemanningsplan. Vidare peikte han på at det burde vera ein eigen faktor for språkfaga, som tek omsyn til at ikkje alle fag ved fakultetet er like undervisningskrevjande. Utrekningane som ligg bak ein slik plan, er dessutan svært kompliserte, og korleis skal vi kunna vedta noko vi ikkje heilt greier sjå konsekvensane av? Det vil òg vera vanskeleg å leggja fram eit alternativt vedtak i ein slik situasjon.

Lunde peikte på at bemanningsplanen har ei klar vektning. Vi er gode på mykje, men vi er ikkje gode på gjennomstrøyming på bachelorprogrammet. Samstundes verkar det som om lektorstillingar ikkje er særleg populære i dette dekanatet, og m.a. på russisk er lektorstillingane svært viktige for undervisninga, ikkje minst for den munnlege opplæringa.

Marinaccio viste til at UiB samanliknar seg med universitet i utlandet. Vi har allereie no få kurs i programma våre samanlikna med utanlandske universitet, og korleis kan vi då kutta endå meir?

Berg Henjum minna om dei store skilnadene i undervisningsbehovet mellom t.d. historie og enkelte andre fag.

Soriano peikte på at om vi berre skal tilby det vi har ressursar til, korleis kan vi då tilby t.d. lektorutdanninga.

Hovden viste til at dersom arabisk blir redusert slik det ser ut til, og det er ei lektorstilling som blir skifta ut, så utgjer det ein stor prosentvis reduksjon i undervisningskapasiteten på faget. Han meinte det var viktig å førebu gode “argumentasjonspakkar” til fakultetsstyremøtet.

Marinaccio meinte at UiB å ha alle språkfaga, må ein òg finansiera alle. Ho lufta tanken om det gjekk an å ha undervisningstilbod på nokre av faga våre der enkelte emne er felles mellom fleire ulike språkfag, medan andre er språkspesifikke.

## Sak 4 – strategi

Instituttrådet drøfta undervisningsarbeidet i neste strategiperiode.

Lunde orienterte om arbeidet med programporteføljen ved fakultetet. Rapporten om porteføljen er i stor grad diskuterande, kartleggjande og har mange nyansar ved seg. Til slutt i rapporten kjem dei liste over tiltak som fakultetsstyret må vurdere. Ho løfta òg fram spørsmål om vi bør integrere forskinga betre og tydelegare i læringsaktivitetane våre, om det er noko overordna ved framandspråka vi vil løfta fram, om kva vi ved IF er gode på og kva samfunnet etterspør av språk- og områdekunnskap. Fagg viste til at studentane allereie er delvis tverrfaglege fordi ein har eit anna fag i kombinasjonen.

Hovden peikte på at rekkjefølgja mellom strategi, bemanningsplan og studieportefølje burde vore annleis. Eigentleg burde vi først ha definert nokre overordna mål og så sett kva bemanningsplan vi treng for å nå desse måla. Instituttleiar støtta denne tankegangen, men meinte samstundes det ikkje var realistisk å endra rekkjefølgja mellom prosessane no.

Soriano trekte fram spørsmålet om interdisiplinaritet. Dette er ein positiv ting, men vil fort gå på kostnad av det vi allereie underviser. Dersom vi får reduksjonar i stillingar, og vi heller ikkje får lov til å tilsetja lektorar, korleis skal vi då ha ressursar til å gje undervisninga som trengst?

Hovden viste til at premisset er at vi skal ganske kraftig ned i timetal. Kva skal vi då velja bort utan at det kostar oss altfor mykje?

Lunde minna om at vi bør passa oss så vi ikkje går i fella frå 2018. Skal ein med suksess laga nye ting som er samarbeidsprega, må alt leggjast heilt på ny.

Marinaccio støtta at IF treng lektorar i språkundervisninga.

## Sak 6 – ymse

Berg Henjum spurde om det var noko nytt i akkrediteringssakene for italiensk og arabisk. Instituttleiar viste at det er lagt ein plan for det vidare arbeidet på italiensk. For arabiskfaget har vi ein gåande dialog med fagmiljøet, og redesignprosessen på faget går vidare. Arabisk må ta opp nye studentar hausten 2023 sidan studieplassane allereie er fordelte av universitetsstyret. Så kan det henda at vi deretter legg opp til ein modell med opptak til bachelor på arabisk annakvart år. Berg Henjum etterlyste òg tydelegare prosedyre for framtida om korleis ein går vidare når eit fag ikkje blir reakkreditert.

Martin Paulsen,  
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,  
administrasjonssjef